



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: 0433

Sak nr 07/2024


Møtedato: 14.02.2024 Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

Sak 07-2024 Gapahuk på Vaset

Fjellstyret har fått ei henvending frå Brennabu leirskule v/ Jon Terje Rying. Dette gjeld riving av ein eldre gapahuk, der det førast opp 2 nye i etterkant.

Den som skal rivast er i såpass dårlig forfatning, at den ikkje lenger har nokon funksjon. Det står imidlertid 2 gapahuker på denne staden, og det er då et spørsmål om den som er brukbar fortsatt skal stå. Dersom den skal stå bør det avklarast kven som er vedlikehaldsansvarleg.



Firkant: nye gapahuker sirkel: gapahuk rives

Alle gapahuker er plassert i skiløypetrase, slik at dette ikkje medfører ny bruk ut over det som finst der i dag. Det som er største skilnaden er nok at det vert i praksis fleire gapahuker.

Dette kan gje både positive og negative verknader.

Positivt: Det vert eit betre tilbod på generelt grunnlag sett ut i frå turist-trafikk. Dette gjeld forsåvidt både fastbuande og tilreisande. Brennabu får og eit betre tilbod i undervisningsamanheng, som uansett kan nyttast av alle.

Negativt: Det er usikkert korleis dette slår ut for beitenæringa. Denne traseen er allereie etablert, og er mest nytta vinterstid. Om fleire gapahuker auker sumartrafikk er ikkje umogleg. Men om dette slår negativt ut for beitenæringa er ikkje godt å seie. Uansett vil ein kunne samle ferdsel om desse årene som skiløype/turveg sommarstid gjer, slik at det kanskje reduserer noko trafikk andre stader.

Uttale til grunndisponeringssak, jfr Fjellova 12:

Den uttale som fjellstyret her gir er ei uttale til grunndisponeringstiltak. Det inneber at dette berre er ei rådgjevande uttale, der Statskog sjølv avgjer saka. Fjellstyret skal i denne samanheng ivareta jordbruksberettiga samt friluftslivet sine interesser.

Sidan Brennabu leirskule ynskjer nye tiltak, bør fjellstyret sende denne på høyring til dei beitebrukarar/beitlag som er rørd av dette. Det inneber at dersom det skal vere mogleg for Brennabu Leirskule å søkje om støtte, treng dei ei avklaring frå fjellstyret/Statskog i løpet av mars månad, grunna søknadsfrist.

Administrasjonen føreslår at fjellstyret delegerer denne avgjerdet til fjellstyreleiar i samråd med dagleg leiar å avgjere denne saka etter at høyring er gjennomført.

Dersom det ikkje kjem vesentlege negative merknader til denne saka kan det fattast ei positiv uttale delegert. Dersom det kjem vesentlege negative merknader, må saka tas opp att i fjellstyremøtet i april for endeleg uttale.

Alternativt kan ein sende ei negativ tilråding, dersom fleirtalet i fjellstyret meiner dette ikkje er eit positivt tiltak for området.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret delegerer til fjellstyreleiar i samråd med dagleg leiar å sende saka på høyring til beiteinteresser/evt andre partar, og sende ei positiv uttale dersom det ikkje kjem vesentlege negative merknader.

Vedtaket er samrøystes.

Tilråding/uttale/foreløpige avklaringar frå fjellstyret er ikkje enkeltvedtak jf. forvaltningsloven og det er derfor ikkje klagerett over vedtaket.

Det er fyrst når det føreligg eit delegert vedtak om denne saka at det vert klagerett – dette til info.

Vestre Slidre fjellstyre den 16.02.2024

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift:
Brennabu leirskule v/ Jon Terje Rying
Statskog